



STORTINGET

Innst. 81 S

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 26 S (2020–2021)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2020 under Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2020 m.m.)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg i proposisjonen fram følgjande saker under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet og kap. 502 Tariffavtalte avsetjingar.

- Lønsregulering frå 16. september 2020 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet m.m.
- Endringer i statsbudsjettet for 2020.

1.2 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet med verknad frå 16. september 2020 m.m.

1.2.1 Lønsforhandlingane m.m. per 16. september 2020

FORHANDLINGANE

Det blir i proposisjonen vist til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane i staten på grunn av koronasituasjonen blei einige i protokoll av 17. mars 2020 om at hovudtariffavtalane i staten skulle vidareførast til og med 15. september 2020.

Forhandlingane mellom staten, ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og hovudsamanslutningane LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat blei

innleia 1. september 2020 og stansa 14. september etter krav frå hovudsamanslutningane.

Mekling blei opna 23. september. Hovudsamanslutningane kravde 7., 8., 9. og 10. oktober meklinga avslutta.

Meklinga heldt fram til 15. oktober der Riksmekklaren la fram forslag til endringer i hovudtariffavtalen mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat og endringer i hovudtariffavtalen mellom staten og Akademikerne. Forslaga frå Riksmekklaren blei same dag aksepterte av staten og Akademikerne. LO Stat, Unio og YS Stat orienterte òg om at dei tilrådde meklingsresultatet og ville sende det ut til avrøysting. Svarfristen for avrøystinga er sett til 13. november 2020.

Riksmekklaren sitt forslag er tatt inn i møtebøkene av 15. oktober 2020.

DEN ØKONOMISKE RAMMA

Det blir i proposisjonen vist til at begge avtalane har ei ramme som inneber ein årslønsauke på oppgjeret med 1,7 pst. for første avtaleår, på linje med arbeidslivet elles.

PENSJON

Det blir i proposisjonen vist til at den offentlege tenestepensjonen er lovfesta i staten og er ikkje ein del av forhandlingane, med unnatak av forhandlingar om pensjonsgrunnlag og avtalefesta pensjon.

I lønsoppgjeret i 2019 blei det avtalt at alle pensjonsgivande variable tillegg skal inngå i oppteninga i ny offentlig tenestepensjon for personar født i 1963 eller seinare. Kostnadane er berekna til 0,1 pst. på årsbasis og er rekna inn i ramma for lønsoppgjeret i 2020.

BUSTADLÅN

Det blir i proposisjonen vist til at bustadlån med tryggleik, som blir ytt frå Statens pensjonskasse, er auka frå 2,0 mill. kroner til 2,3 mill. kroner.

KOMPETANSEUTVIKLING

Det blir i proposisjonen vist til at totalt i begge avtalane blir det sett av 35 mill. kroner til kompetanseutvikling, medråderett og samarbeid og omstillingsarbeid for heile tariffperioden 16. september 2020–30. april 2022. Avsetjinga vil bli foreslått løyvd på kap. 502 Tariffavtalte avsetjingar i statsbudsjettet for 2021.

Staten og hovudsamanslutningane vil i tariffperioden følge opp bruken av midlane i Hovudtariffavtalen pkt. 5.3. Medråderett, samarbeid og kompetanseutvikling. Partane vil vurdere vidare tiltak for kompetanseutvikling og bruk av avsetjinga innanfor den statlege arbeidsgivarpolitikken.

1.2.2 Nærare om avtalen med LO Stat, Unio og YS Stat og avtalen med Akademikerne

ØKONOMISK PROFIL I RIKSMEKLAREN SITT FORSLAG TIL LO STAT, UNIO OG YS STAT

Det blir i proposisjonen vist til at i avtalen med LO Stat, Unio og YS Stat er heile den økonomiske ramma fordelt sentralt. Med verknad frå 1. oktober 2020 er det gjeve eit tillegg på 0,44 pst. på hovudlønstabellen frå og med lønstrinn 19 til og med lønstrinn 46. Frå og med lønstrinn 47 til og med lønstrinn 63 er det gjeve eit tillegg på 0,54 pst., og frå og med lønstrinn 64 til og med lønstrinn 101 er det gjeve eit tillegg på 0,44 pst. Utforminga av tillegg på tabellen sikrar ein likelønsprofil.

ØKONOMISK PROFIL I RIKSMEKLAREN SITT FORSLAG TIL AKADEMIKERNE

Det blir i proposisjonen vist til at i avtalen med Akademikerne er heile den økonomiske ramma avsett til lokale forhandlingar. Med verknad frå 1. oktober 2020 skal det først lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 0,45 pst. per dato av lønsmassen. Forhandlingane skal vere gjennomførte innan utgangen av november 2020.

ANNA

Det blir i proposisjonen vist til at partane er einige om å bidra til regjeringa sin handlingsplan for berekraftsmåla, og at det er viktig at det blir lagt til rette for omstilling som sikrar innovasjon og klimavennlege løysingar og varetaking av natur. I tariffperioden skal det leggjast til rette for kompetanseheving rundt berekraft, klima og miljøspørsmål på tvers av statlege verksemdar.

Partane er også einige om at ein gjennom aktivt partssamarbeid skal arbeide aktivt, målretta og planfast for å fremje likestilling og hindre diskriminering.

1.2.3 Lønsregulering m.m. for dei embetsmenn og statstilsette som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalane

Det blir i proposisjonen vist til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet går ut frå at lønsreguleringa frå 1. oktober 2020 m.m. blir gjort gjeldande for alle embetsmenn og statstilsette, også dei som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrår at avtalen mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat blir praktisert overfor arbeidstakarar som ikkje er medlemmer av organisasjonar med forhandlingsrett, og som difor ikkje direkte blir omfatta av dei avtalane som er inngåtte. Dette er i samsvar med det samtykket Stortinget har gjeve dei siste åra, jf. mellom anna Innst. 406 S (2018–2019) og Innst. 407 S (2017–2018). Kommunal- og moderniseringsdepartementet har signalisert til hovudsamanslutningane at departementet vil sjå på ordninga med dei uorganiserte fram mot lønsoppgjeret neste år, i nær dialog med dei.

Uorganiserte skal med bakgrunn i dei einsskilte verksemdene sin lønspolitikk sikrast lønsutvikling på lik linje med dei organiserte arbeidstakarane, og det er arbeidsgivar sitt ansvar å vareta dette.

Embetsmenn og statstilsette i stillingar som er tekne ut av hovudtariffavtalane, får løns- og arbeidsvilkår administrativt fastsett i kontrakt.

1.3 Endringar på statsbudsjettet for 2020

Kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det blir i proposisjonen vist til at samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 16. september 2020 for perioden 16. september–31. desember 2020 er rekna ut til 638,9 mill. kroner.

Overslaget omfattar alle tilsette som går inn under hovudtariffavtalane i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgivaravgift er medrekna. Vidare er meirutgifter til pensjonspremiebetaling medrekna.

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og forvaltningsbedrifter blir dekte innanfor budsjetta til verksemdene.

Verksemdar med arbeidstakarar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må sjølv dekkje meirutgiftene ved lønsregulering innanfor eksisterande budsjett.

Etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 479,1 mill. kroner. Etter vanleg praksis blir slike meirutgifter dekte ved at det blir ført opp løyving under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det

statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, som Finansdepartementet får fullmakt til å fordele.

Kap. 502 Tariffavtalte avsetjingar

POST 71 OPPLÆRING OG UTVIKLING AV TILLITSVALDE

Departementet foreslår i proposisjonen at tilskotet blir auka med 8,9 mill. kroner.

Kap. 2309 Tilfeldige utgifter

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det blir i proposisjonen vist til at det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet m.m. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil bli redusert i samband med proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet 2020.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Masud Gharahkhani, Stein Erik Lauvås, Eirik Sivertsen og Siri Gåsemyr Staalesen, fra Høyre, Norunn Tveiten Benestad, Torill Eidsheim, Olemic Thommessen og Ove Trellevik, fra Fremskrittspartiet, Jon Engen-Helgheim og Helge André Njåstad, fra Senterpartiet, Heidi Greni og Willfred Nordlund, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Karin Andersen, og fra Kristelig Folkeparti, Torhild Bransdal, viser til at årets hovedtariffoppgjør ble utsatt på grunn av koronautbruddet, og at gjeldende avtale ble videreført til og med 15. september 2020.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at det er fremforhandlet to tariffavtaler i det statlige tariffområdet når det gjelder lønsregulering, og at hovedtariffavtalene ikke lenger er organisasjonsnøytrale.

Komiteen viser til at dette medfører to ulike profiler på oppgjøret innenfor samme ramme.

Den økonomiske profilen på oppgjøret med LO stat, YS, Unio og YS stat har fordelt hele den økonomiske rammen sentralt. Den økonomiske profilen på oppgjøret med Akademikerne har lagt hele den økonomiske rammen til lokale forhandlinger.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til merknader i Innst. 406 S (2018–2019). Flertallet viser til at det heller ikke denne gangen er gjort noen utredning av de langsiktige

konsekvensene av dette. Flertallet vil som eksempel påpeke at det er uklart hvilke konsekvenser dette kan ha for streikeretten når mer og mer av lønsdannelsen blir flyttet fra sentral- til lokalplanet.

En helt sentral del av det norske trepartssamarbeidet er å etablere systemer som ikke undergraver mulighetene for organisasjonene til å streike. Dagens situasjon kan undergrave streikeretten, noe som er uakseptabelt.

Flertallet viser til at staten som arbeidsgiverpart er i en særstilling fordi tariffoppgjørene i staten er en del av regjeringens inntektspolitikk. Gjennom inntektspolitikken har regjeringen et overordnet nasjonalt ansvar for lønsutviklingen og sysselsettingen.

Flertallet viser til at et bærende prinsipp i norsk lønsdannelse har vært lik lønn for likt arbeid – også innenfor det statlige tariffområdet. Dette prinsippet har Stortinget slått fast i likestillings- og diskrimineringsloven § 34. Et system med to ulike tariffavtaler svekker dette prinsippet.

Flertallet peker på at statens løns- og forhandlingssystem har vært nøytralt og uavhengig av virksomhet og organisasjonstilknytning. Disse endringene som nå videreføres, kan vanskelig forstås på annen måte enn at regjeringen aksepterer et løns- og forhandlingssystem som innebærer større lønnsforskjeller i staten enn det som har vært førende tidligere.

Flertallet merker seg at forbundsvisе lokale forhandlinger i den enkelte virksomhet ikke sikrer likelønn på tvers av statens virksomheter. Flertallet mener dette er uheldig, og det er nødvendig at det etableres systemer for statistikkføring og for å sikre likelønn.

Flertallet viser til at likelønn og lavtlønnede må ivaretas i alle lønsforhandlinger, ved fordeling av generelle tillegg, ved justeringer av stillinger og ved sentrale føringer ved lokale forhandlinger. Dersom skjevheter mellom grupper og kjønn allikevel skulle oppstå ved lokale forhandlinger, kan dette rettes opp ved påfølgende sentrale forhandlinger. Men det forutsetter at regjeringen fremlegger sikker og lett tilgjengelig statistikk for alle statlige virksomheter, og at Kommunal- og moderniseringsdepartementet følger forhandlingsordningen i tjenestetvistloven, som forutsetter en sterk sentral oppgjørsform.

Flertallet viser til sine merknader og forslag i tilsvarende sak i tidligere år. På denne bakgrunn fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen ved neste revisjon av hovedtariffavtalen i 2022 gjennomføre lønnsoppgjøret i staten slik at det blir én hovedtariffavtale gjeldende for alle arbeidstakere i det statlige tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til at embetsmenn og statsansatte i stillinger som er tatt ut av tariffavtalene, får lønn og arbeidsvilkår fastsatt administrativt i kontrakt. Dette medlem viser til merknader og forslag i Innst. 177 S (2019–2020) om lønnsmoderasjon for høytlønte ledere i staten og at regjeringen må ta dette på større alvor enn det dagens regjering gjør.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser også til Representantforslag 66 S (2017–2018), jf. Innst. 166 S (2017–2018), om at regjeringen må fremme en egen sak for Stortinget om retningslinjer for lederlønninger og andre typer godtgjøring for ledere i staten. Dette er minst like aktuelt i dag. Disse medlemmer viser til at framtidens arbeidsliv er høykompetent, og at ledere er helt avhengige av dette hvis de skal lykkes som ledere. Dette gjør seg særlig gjeldende i staten. Det er ødeleggende for tilliten og den norske modellen hvis ledere og ansatte lever i to helt ulike økonomiske verdener. Alle disse høykompetente medarbeiderne staten er avhengig av, skal gjøre en jobb til en vanlig anstendig lønn som samfunnet kan finansiere. Økte lønnsforskjeller mellom ansatte og ledere bidrar ikke til å sikre tillit og stabilitet i et moderne, høykompetent arbeidsliv som er helt avhengig av lojalitet og stå-på-vilje hos alle de tuseener av arbeidstakere og mellomledere som samfunnet og offentlig sektor trenger.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme en egen sak for Stortinget om nye retningslinjer for lederlønninger og andre typer godtgjøring for ledere i staten, som bidrar til reduserte lønnsforskjeller.»

Disse medlemmer mener forskjellsutviklingen undergraver tilliten og samholdet som vår samfunnsmodell hviler på. Lederlønnsutviklingen har en særlig negativ effekt og skaper inntrykk av at en elite på toppen stikker fra, mens andre regler gjelder for vanlige folk. Lederlønnsgaloppen må derfor stanses. Det krever sterkere virkemidler enn i dag. Disse partier vil nedsette en lederlønnskommisjon med deltakelse av partene. Den skal se lønn og bonuser i statseide selskaper og selskaper der staten er majoritetseier, lederlønnsutviklingen i staten samt politikerlønn, etterlønnsordninger og andre godtgjørelser på nasjonalt og lokalt nivå i sammenheng. Den skal grundig vurdere hvorfor lønnsutviklingen på toppnivå har fått fortsette på tross av vedtatte retningslinjer, hva som er reelle samfunnshensyn i lønnsfastsettelsen, og hva som ikke kan begrunnes med dette. Disse medlemmer varsler at disse partier vil følge opp konklusjonene fra en slik kommisjon

med politiske grep for å redusere lønnsforskjellene i Norge.

På bakgrunn av dette fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen nedsette en lederlønnskommisjon for statlige lederlønninger, lederlønninger i statseide selskaper og selskaper der staten er majoritetseier, samt lønnen til politikere på nasjonalt og lokalt nivå og etterlønnsordninger. Kommisjonen skal se de statlige lederlønningene, bonusordningene og godtgjørelsene i sammenheng og analysere hvorfor lønnsutviklingen på toppnivå har fått fortsette, på tross av blant annet tidligere vedtatte retningslinjer. Kommisjonen skal videre foreta en grundig vurdering av hva som er reelle samfunnshensyn i lønnsfastsettelsen, og hva som ikke kan begrunnes med dette. Kommisjonen skal ha sterk representasjon fra partene. Godtgjørelsen til statsminister, statsråder og stortingsrepresentanter stilles nominelt i bero til lederlønnskommisjonen har lagt fram sine konklusjoner.»

«Stortinget ber regjeringen sørge for at ansvarlig statsråd årlig rapporterer til Stortinget om lederlønnsutviklingen innenfor sitt ansvarsområde.»

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til Representantforslag 31 S (2019–2020) fra representanter fra Senterpartiet om lønnsmoderasjon for høytlønte ledere i staten og til merknader i Innst. 177 S (2019–2020).

3. Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen fremme en egen sak for Stortinget om nye retningslinjer for lederlønninger og andre typer godtgjøring for ledere i staten, som bidrar til reduserte lønnsforskjeller.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen nedsette en lederlønnskommisjon for statlige lederlønninger, lederlønninger i statseide selskaper og selskaper der staten er majoritetseier, samt lønnen til politikere på nasjonalt og lokalt nivå og etterlønnsordninger. Kommisjonen skal se de statlige lederlønningene, bonusordningene og godtgjørelsene i sammenheng og analysere hvorfor lønnsutviklingen på toppnivå har fått fortsette, på tross av blant annet tidligere vedtatte retningslinjer. Kommisjonen skal videre foreta en grundig vurdering av hva som er reelle samfunnshensyn i lønnsfastsettelsen, og hva som ikke kan begrunnes med dette. Kommisjonen skal ha

sterk representasjon fra partene. Godtgjørelsen til statsminister, statsråder og stortingsrepresentanter stilles nominelt i bero til lederlønnskommisjonen har lagt fram sine konklusjoner.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen sørge for at ansvarlig statsråd årlig rapporterer til Stortinget om lederlønnutviklingen innenfor sitt ansvarsområde.

4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding I–VI fremmes av en samlet komité. Tilrådingens VII fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2315	1	Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet Driftsutgifter, blir løyvd med	479 100 000
502	71	Opplæring og utvikling av tillitsvalde, blir auka med..... frå kr 195 000 000 til kr 203 900 000	8 900 000

II

Stortinget samtykker i at det med verknad frå 16. september 2020 blir gjort regulering av lønene m.m. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemar av LO Stat, Unio og YS Stat i samsvar med Riksmeklaren si møtebok av 15. oktober 2020.

III

Stortinget samtykker i at det med verknad frå 16. september 2020 blir gjort regulering av lønene m.m. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemar av Akademikerne i samsvar med Riksmeklaren si møtebok av 15. oktober 2020.

IV

For embetsmenn og statstilsette som ikkje er medlem av organisasjonar som nemnde i romartal II og III, og difor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette i hovudtariffavtale, skal same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal II gjelde. Embetsmenn og statstilsette som er tekne ut av hovudtariffavtalane, får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

Stortinget samtykker i at Kongen på vegner av staten kan bringe tvistar i samband med tariffoppgjeret i staten i 2020 inn for Rikslønsmemnda i samsvar med lov 18. juli 1958 nr. 2 om offentlege tenestetvister § 31 andre ledd.

VI

Stortinget samtykker i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, på dei postane på statsbudsjettet som har lønsløyving.

VII

Stortinget ber regjeringen ved neste revisjon av hovudtariffavtalen i 2022 gjennomføre lønnsoppgjeret i staten slik at det blir én hovudtariffavtale gjeldende for alle arbeidstakere i det statlege tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 10. november 2020

Karin Andersen

leder og ordfører

